




# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

RAPPORT

**SYSSELSETTING - MILJØ**

**ARBEID FOR TRYGD I  
MØRE OG ROMSDAL 1991**



MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58000  
6400 MOLDE

Rapport nr. 2 - 1992  
ISBN 82-7430-041-6  
ISSN: 0801-9363

## FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart i 1991 tildelt ialt 230 månadsverk av naturforvaltinga sin del av "Arbeid for trygd"-pakken frå Arbeids- og Administrasjonsdepartementet.

I tillegg til rapport sendt Direktoratet for naturforvalting i oktober (vedlegg 6) krev eit så omfattande prosjekt som dette (samla kostnader kr 4.340.000) ein grundigare rapportering/evaluering for å klarlegge det endelege resultatet, både når det gjeld sysselsettingseffekten og utført arbeid i det enkelte tiltak. Ein slik gjennomgang av prosjektet vil også vera til stor nytte i arbeidet med ev. nye "pakkar" av samme type, og gi viktig informasjon om behovet for framtidig vedlikehald, ev. nødvendig vidareføring av det enkelte tiltak.

Miljøvernavdelinga innsåg fort at det ikkje var kapasitet til å følgje opp prosjektet. Cand.mag. Magnhild Vatn vart difor engasjert som prosjektleiar i samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Kulturavd., som hadde ansvaret for ein tilsvarande "pakke" på kultursektoren.

Ulik organisering av gjennomføringa av prosjekta i dei to etatane førte til at prosjektleiaren for det meste har arbeidd for Miljøvernavdelinga. Lønn til prosjektleiar er dekt ved tilskot frå Arbeidskontoret i Ålesund, Møre og Romsdal Fylkeskommune og kap. 1427, post 62.

I tillegg til organiseringa av "Arbeid for trygd"-pakken har prosjekt-leiaren koordinert og rettleia kommunane i disponeringa av dei ekstra-ordinære "Sysselsettingspakkane" som Miljøverndepartementet har tildelt direkte til den enkelte kommune i 1991 på dei samme fagsektorane.


Organisasjonsformen med Fylkesmannen som arbeidsgjevar og Skattefuten som lønnsutbetalar har vore svært krevjande, både for rekneskapskontoret i Miljøvernabd. og lønnsavdelinga hos Skattefuten. Både dei mange "aktørane" som må delta i sjølve organisasjonsprosessen og vanskar med å skaffe stabil og erfaren arbeidskraft vanskeleggjorde gjennomføringa av prosjektet. Sjølv med eigen prosjektleiar er gjennomføringa av slike "pakkar" så komplisert og arbeidskrevjande at det må finnast fram til andre modellar for overføringar av midlar frå staten til konkrete tiltak i kommunane.

Vi vil takke alle, både arbeidsmarknadsetatane og kommunane for godt samarbeid ved gjennomføringa av prosjektet. Ei spesiell takk til prosjektleiar Magnhild Vatn, førstesekretær Kirsti Vestnes Fjørtoft, Skattefuten, førstesekretær Aslaug Magerøy Grimstad, Miljøvernavd., og konsulent Eva Kristin Ødegård, Fylkesarbeidskontoret. Utan deira innsats har Miljøvernavd. hatt store vanskar med å gjennomføre prosjektet.

Molde, 23.desember 1991



Odd Høgset (e.f.)  
fylkesmiljøvernsjef



Harald Orsahl  
naturforvaltar

# INNHALD

# SIDE

---

1.0	INNLEIING .....	3
1.1	Bakgrunn .....	3
1.2	Problemstilling .....	4
1.3	Formål .....	4
2.0	METODE .....	5
2.1	Forarbeid/fordeling .....	5
2.2	Samarbeid med prosjekt- ansvarlege/arbeidsleiarar .....	6
2.3	Oppfølging .....	6
2.4	Administrasjon- og personaloppgåver .....	6
2.5	Rekneskap .....	7
2.6	Rapport .....	7
3.0	PROSJEKTMOTALAR .....	8
3.1	Prosjektnr. 1 - Herøy kommune .....	9
3.2	Prosjektnr. 2 - Ålesund kommune .....	11
3.3	Prosjektnr. 3 - Giske kommune .....	13
3.4	Prosjektnr. 4 - Friluftsrådet for Ålesund og omland .....	15
3.5	Prosjektnr. 5 - Rauma kommune .....	18
3.6	Prosjektnr. 6 - Veøy landskapsvernområde ....	20
3.7	Prosjektnr. 7 - Atlanterhavsvegen .....	23
3.8	Prosjektnr. 8 - Kristiansund kommune .....	25
3.9	Prosjektnr. 9 - Halså kommune .....	27
3.10	Prosjektnr. 10 - Surnadal kommune .....	32
3.11	Prosjektnr. 11 - Tilsyn sau/jerv Trollheimen .	34
3.12	Prosjektnr. 12 - Tilsyn sau/jerv Snøhetta ....	32
4.0	EVALUERING .....	35
4.1	FAK/DA-kontor .....	35
4.2	Arbeid for trygd-ordninga .....	36
4.3	Igangsetting av arbeidet .....	36
4.4	Administrasjonsarbeid/meirarbeid .....	37
4.5	Utført arbeid .....	39
4.6	Nye sysselsettingspakkar .....	40
5.0	OPPSUMMERING .....	42

## 6.0 VEDLEGG ..... 44

- Vedlegg 1. Brev frå MD av 02.04.91:  
Sysselsetting - miljø
- Vedlegg 2. Brev frå DN av 04.04.91:  
Naturforvaltningens andel av arbeid for  
trygd-pakken i 1991
- Vedlegg 3. Tabell 3:  
Oversyn over midlar nytta i AFT-prosjekt  
"Sysselsetting - miljø" i Møre og Romsdal  
1991.
- Vedlegg 4. Brev frå FM-MVA av 30.04.91:  
Arbeid for trygd - innmelding av nye  
prosjekt
- Vedlegg 5. Brev frå FM-MVA av 21.06.91:  
Arbeid for trygd - Fylkesmannen i Møre og  
Romsdal, Miljøvernadv. Nye/innmeldte  
prosjekt til 2.halvår 1991
- Vedlegg 6. Brev frå FM-MVA av 24.09.91:  
Fylkesmennenes bruk av "Arbeid for trygd-  
pakke" til tiltak i naturvern- og  
friluftsområde.
- Vedlegg 7. Tabell- og figuroversyn.

## 1.0 INNLEIING

### 1.1 BAKGRUNN

Arbeids- og Administrasjonsdepartementet (AAD) stilte i 1991 til rådvelde 2390 månadsverk (32 mill.kr) for sysselsetting - miljø innan arbeid for trygd-ordninga. Midlane vart fordelt fylkesvis for prosjekt innan arbeidsfelt underlagt Riksantikvaren og Direktoratet for Naturforvaltning (vedlegg 1).

Direktoratet for naturforvaltning (DN) fekk eit rammebeløp på inntil 1394 månadsverk (omlag 19 mill.kr) for 1991 (vedlegg 2). Dette rammebeløpet var øyremerka tiltak i naturvernområde og til friluftslivsformål.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) fekk her 150 månadsverk innan friluftsliv og 80 månadsverk innan naturvern; totalt 230 månadsverk. Dette vart fordelt på følgjande tiltak innan naturvern- og friluftslivsprosjekt i Møre og Romsdal (tabell 1).

Tabell 1: Fordeling av 230 månadsverk for tiltak innan naturvern- og friluftslivsprosjekt i Møre og Romsdal. Arbeid for trygd - miljøtiltak 1991.

Kommune	Mnd.verk	Prosjekt
Averøy/Fræna	10	Eldhusøya rasteplass
Atlantterhavsv.		miljøtiltak
Giske	6	Roaldhamna (reg.gjesteb.h.)
Halsa	15	Knarrbukta (statl.)
Herøy	20	Runde., Herøy gard (statl.)
Kristiansund	40	Hagelin bossplass, restaur.
Molde (Fylkesm. miljøvernavd.)	30	Veøy landsk.vernomr.
Rauma	8	Kolmanneset (statl.)
Sunndal	5	Tilsyn sau/jerv
Surnadal	15	Nordmarka m.m.
Surnadal/Rindal	9	Tilsyn sau/jerv
Friluftsrådet	22	Mauren, Svinøya, Storholmen,
Ålesund og oml.		Kråkvika (statl.)
Ålesund	50	Volsdalsberga m.m.
Totalt	230	Møre og Romsdal

## 1.2 PROBLEMSTILLING

Tilretteleggingstiltak i friluftsområde har vore sterkt nedprioritert pga. harde kommunale budsjetttrammer. Behovet er likevel stort både i kommunale, statlege og større regionale område. Mykje dugnadsarbeid blir gjort av lokale ideelle organisasjonar, idrettslag, trimgrupper og einsskilde kommuner.

Korleis skulle ein så organisere arbeidet i høve til distriktsarbeidskontora (DA-kontora), kommunane og organisasjonane for å få gjort mest mogleg ut av desse månadsverka? Arbeidet måtte kome igang raskt. Var kommunane i stand til å få starta gode prosjekt på så kort varsel?

## 1.3 FORMÅL

Formålet med prosjekta var i første rekke å sysselsette arbeidslause i arbeid med forbetring av miljøet i kommunane.

## 2.0 METODE

### 2.1 FORARBEID/FORDELING

Det blei ansatt ein eigen prosjektkoordinator/-leiar i samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren.

For Fylkeskonservatoren har prosjektleiaren kun arbeidd med eit mindre prosjekt - fornminnepleie i samarbeid med Fylkesarkeologen.

Driftsmidlane vart fordelt som tabellen under viser (tabell 2).

Tabell 2: Fordeling av driftsmidlar i høve til månadsverk. Arbeid for trygd - miljøtiltak 1991.

Prosj.nr.	Prosj.	Mnd.v.	Drift pr.mnd.	Drift tot.
1	Herøy	20	3.500	70.000
2	Ålesund	50	3.500	175.000
3	Giske	6	3.700	22.200
4	Friluftsr.	15	3.500	52.500
		7	3.700	25.900
5	Rauma	8	3.500	28.000
6	Miljøv.avd.	30	4.350	130.500
7	Atl.havsv.	10	4.350	43.500
8	Kristiansu.	40	3.500	140.000
9	Halsa	15	3.500	52.500
10	Surnadal	12	4.200	50.400
		3	4.350	13.050
11	Trollheimen	9	3.500	31.500
12	Snøhetta	5	3.730	18.650

Fylkesarbeidskontoret (FAK) fordelte midlane ut til kvart einskilt DA-kontor som kom i berøring av prosjekta. I alt 7 av 9 DA-kontora i fylket var berørt. Dei einskilte DA-kontor ga så Fylkesmannen si Miljøvernavdeling (FM-MVA) tilsagn for kvart einskild prosjekt i sitt arbeidsfor-midlingsdistrikt.

Arbeidsleiarar ute i kommunane tok kontakt med DA-kontoret, og fekk sjølve ut lister over arbeidslause og for å ta ut eigna folk til arbeidet.



## 2.2 SAMARBEID MED PROSJEKTANSVARLEGE/ARBEIDSLEIARAR

Som arbeidsleiarar har vi nytta parksjef/kommunegartner/leiar i friluftsråd/teknisk sjef/miljøvernrådsgjevar o.a. rundt i kommunane. Dei har følgd opp dei engasjerte dagleg.

Kommunane/organisasjonane forskotterte for driftsmidlane i dei fleste tilfella. Slik kunne dei følgje godt med på forbruket og disponeringa av tilsagns-rammene. På denne måten vart arbeidsmengda for Miljøvernavingdelinga redusert noko, m.a. på rekneskapssida.

## 2.3 OPPFØLGING

Det vart oppretta samarbeid med 7 DA-kontora som var med. Likeeins vart det etablert kontakt med arbeidsleiarane for kvart prosjekt.

Prosjektkoordinatoren har hatt jamnleg telefonisk kontakt med alle arbeidsleiarane, og vore på synfaring 2-3 gongar i prosjektperioden.

## 2.4 ADMINISTRASJONS- OG PERSONALOPPGÅVER

### - Arbeidsavtalar

Fylkesmannen har stått som arbeidsgjevar, og har arbeidsavtalane har difor blitt sendt inn frå dei ulike prosjekta for underskift. Kopi av dei ferdig underskrivne avtalane vart returnert til DA-kontora og til dei engasjerte via arbeidsleiane.

Det har vore "slurva" ein del med innmelding av ev. endringar i arbeidsavtalane (t.d. ferieavvikling).

### - Avlønning

Tidlegare har Fylkesmannen i Møre og Romsdal nytta arbeid for trygd-ordninga til m.a. kontorarbeid innan lensmanns-etaten. Desse fekk lønn som vanleg i etaten etter tilvising med utbetaling ein gong i månaden (Statens felles-blankett x-0120B Anvisning av lønn), delvis på forskot. Med 230 månadsverk som skulle setjast i gang kunne ein også få ustabil arbeidskraft.

Bykommunane Ålesund og Kristiansund fekk relativt store rammer på prosjekta, 50 og 40 månadsverk. Etter drøfting med arbeidsleiarane her, og etter deira erfaringar, vart det bestemt avlønning etterskotsvis for desse prosjekta (Statens fellesblankett x-0125B Lønn og godtgjørelser). Desse vart sendt inn månadleg. Desse to avlønningssmåttane vart brukt alt etter type prosjekt.

## **- Sjukemelding**

Fylkesmannen sin administrasjon ønske å halde personal-sakene på miljøtiltaksprosjekta utanom dei ordinært tilsette i etaten. Alle sjukemeldingane vart difor halde utanfor og handsama av prosjektleiaren. Arbeidsgjevarperiode for utbetaling av sjukepengar er på 14 dagar uansett om arbeidsgjevaren er statleg, fylkeskommunal eller kommunal. Dette er særskilt for arbeid for trygd.

## **2.5 REKNESKAP**

For å halde rekneskapsførsla utanom det ordinære budsjettet for miljøvernavingdelinga vart det oppretta egne u.u.postar for både lønn og drift (lønn er ført på 1406.01.1.2 og drift er ført på 1406.21.2.9).


## **2.6 RAPPORT**

Det vart tidleg klart at det var behov for ei grundig evaluering av alle prosjekta og bruken av arbeid for trygdordninga. I tillegg vil ein slik rapport gi eit grunnlag for vidare planlegging for friluftsliv i fylket, arbeidet med Handlingsprogram for friluftsliv i Møre og Romsdal.

Ein viktig del er også å skissere behov for vidare arbeid for kvart einskild prosjekt.

### 3.0 PROSJEKTOMTALAR

Kartet syner korleis prosjekta geografisk fordeler seg i fylket (fig.1).



## 3.1

## PROSJEKTNR: 1

KOMMUNE:	Herøy	TILSAGN TOT.:288.620
KOMMUNENR.:	1515	MNDV. TILSAGN: 20
KARTREF. M711:	1119 IV	MNDV. NYTTA: 17,9
PROSJEKTPERIODE:	21.05-15.11.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	7	DRIFT TOTALT: 70.000
TILSAGNSNR.:	1946/91	DRIFT NYTTA: 54.014

ARBEIDSLEIING: Herøy komm. v/teknisk etat/komm.gartn.

ANDRE FINANSIERINGAR:FM-MVA: kr 26.000

PROSJEKTBEKRIVELSE: 1a. Runde fredingsomr. - fullføring av tilretteleggingsprosjekt  
1b. Herøy gard - Opparbeiding av natursti

UTFØRT ARBEID:

1a. Runde fredingsområde

Det er laga tre kilegrinder i trykkimpregnert materiale. To av dei er sett opp på tilkomststien som går opp frå Goksøy på nordsida av øya (fig.2). Dette er ein stor føremon i turistseasonen med mykje trafikk opp denne trasseen (beitedyr kan ikkje passere).

Vidare er det laga tre klopper som er lagt over våte myrdrag i terrenget.

Øvst i nedgangen til Kaldekloven er eit utrasa felt av stien utbedra med opparbeidde trinn. Her er det nytta 60 cm imregnert boks som er festa med jarnpålar i grunnen.

Stimerking som vart gjort av FM-MVA tidleg på sommaren er erstatta med meir varige stikker med farga metallband.

1b. Herøy gard

På Herøy gard (kystmuseum) er det opparbeidd ein sti. Det har også vore rydda og lagt klopper i eit relativt fuktig område (fig.3).

Kulturlandskapet er i sterk gjengroing. I samband med arbeidet på stien er det lagt vekt på å gjere vegetasjonen meir lysopen og fristille bergnabbar og steinanlegg i området.

PROBLEM:

To personar fekk anna arbeid og slutta utan førevarsel.

FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:

1a. Rundefjellet

Vanleg vedlikehald av klopper, merkestikker osv.

1b. Herøy gard

Eit større arbeid med skjøtsel av kulturlandskapet i tilknytning til museet bør setjast i gang. Skjøtelsplan over området vil bli utarbeidd i nær framtid.



Figur 2. Kilegrind oppsett på nordsida av øya, Goksøyr.



Figur 3. Klopping av våte parti, Herøy gard.

**3.2****PROSJEKTNR: 2**

KOMMUNE:	Ålesund	TILSAGN TOT.:721.550
KOMMUNENR.:	1501	MNDV. TILSAGN: 50
KARTREF. M711:	1119 I /1219 IV	MNDV. NYTTA: 46
PROSJEKTPERIODE:	20.05-15.11.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	13	DRIFT TOTALT:175.000
TILSAGNSNR.:	3347/91	DRIFT NYTTA: 173.371

ARBEIDSLEIING: Ålesund kommune v/parksjefen

PROSJEKTBEKRIVELSE: 2a. Volsdalsberga - ryddearbeid i  
strandsonen  
2b. Borgernes veg - rydding

## UTFØRT ARBEID:

2a. Volsdalsberga

Eit gammalt naust og store mengder oppsamla boss/ drivved m.m. på kommunen sin eigedom vart fjerna (fig.4). I den austre delen er det anlagt grasmark for solingsplassar og ein større bålplass. Det er også rydda opp og ordna til etter kommunen sitt tidlegare arbeid - turveg/tilkomst for renovasjon i sona mellom skogen og strandlinja.

2b. Borgernes veg

Det vart rydda vekk småkratt langs den gamle "folkevegen" på nordsida av Aksla frå Gangstøvika mot bysentrum (fig.5). Gamle grøfter blei også rydda opp.

## PROBLEM:

I utgangspunktet var parksjefen kontaktperson for prosjektet. Det viste seg snart at mange andre også var involverte i prosjektet på kvar sine område. Ute i feltet førte ulike beskjedar frå ulike arbeidsleiarar til at ein og samme arbeidsoperasjon måtte gjerast omatt fleire gonger.

Dei engasjerte fekk lite informasjon om avlønningrutinene (slik informasjon vart sendt ut til kommunane for vidare-distribusjon til dei engasjerte). Arbeidsstokken har også vore svært ustabil.

Kommunen møtte lita forståing for oppryddingsarbeidet frå naboene til området, som hadde samla opp alt dette gjennom mange år.

## FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:

Vanleg vedlikehald på turveg/-stiar og opprydding av drivgods i strandlinja.



Figur 4. Bortrydding av oppsamla skrot, Volsdalsberga.



Figur 5. Borgernes veg, nordsida av Aksla.

**3.3****PROSJEKTNR: 3**

KOMMUNE:	Giske	TILSAGN TOT.:	87.786
KOMMUNENR.:	1532	MNDV. TILSAGN:	6
KARTREF. M711:	1120 II	MNDV. NYTTA:	6
PROSJEKTPERIODE:	13.05.-12-08.91	DRIFT PR.MNDV:	3.700
SYSSELSETTE:	2	DRIFT TOTALT:	22.200
TILSAGNSNR.:	3346/91	DRIFT NYTTA:	22.200

ARBEIDSLEIING: Giske kommune v/Kultursekretær

ANDRE FINANSIERINGAR:DN: kr 80.000, FM-MVA: kr 20.000

PROSJEKTBEKRIVELSE: Opparbeiding av båthavn -  
sambrukshus, Roaldhamna - Vigra

**UTFØRT ARBEID:**

Det er utført grunnarbeid, støyping, og røysing av bygg - "sambrukshuset" (fig.6). Utvendig er huset bordkledd og måla, og det er lagt tak. Framfor huset mot badestranda er det bygd ein terrasse. Denne er bygd slik at han avskjermar mot den kjølige havtrekken. På framsida er det laga til stativ for lagring av A-joller.

Innvendig er det panelt opp og rominndeling er foretatt. Ved sluttsynfaring for arbeid for trygd-arbeidet stod det enno att mykje å gjere inne (som golv, innreiing av våtrom, kjøkken og opphaldsrom).

Utanom dei to personane som har jobba på arbeid for trygd, har det vore utført mykje dugnadsarbeid av pensjonistar parallelt.

Sjølv om huset enno ikkje sto ferdig vart det i juli nytta i samband med Nordisk Seileruke som vart arrangert i området.

**PROBLEM:**

Ingen av dei som arbeidde på arbeid for trygd-ordninga hadde fagleg bakgrunn for bygningsarbeid. Dette førte til ein del feilaktig utført arbeid. Pensjonistar med bygningsbakgrunn retta opp fleire gongar slike feil på kveldstid.

Roaldhamna gjestebåthamn er utpeika som regionalt senter, og har difor også fått midlar tildelt direkte frå DN.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**

Det er ønske om å få lagt fram ferskvassspring/uttak fram til brygga. Dette for å gi høve til opptanking av ferskvatn for besøkjande. Det er også behov for å rydde opp/ordne rundt sjølve bygningen (fig.7).





Figur 6. Sambrukshuset sett frå sjøsida (aust), Roald.



Figur 7. Behov for opprydding rundt bygningen, Roald.

## 3.4

## PROSJEKTNR: 4

ORG.: Friluftsrådet for	MNDV. TILSAGN: 15+7(22)
Ålesund og omland	MNDV. NYTTA: 21,97
PROSJEKTPERIODE: 27.05.-22.10.91	DRIFT PR.MNDV: 15X3.500
SYSSELSETTE: 6	7X3.700
TILSAGNSNR.: 3348/91	DRIFT TOTALT: 78.400
TILSAGN TOTALT: 318.882	DRIFT NYTTA: 78.400

ARBEIDSLEIING: Friluftsrådet v/leiar  
og 2 av rådet sine egne engasjerte.

ANDRE FINANSIERINGAR: Eigne midlar  
FM-MVA: kr 191.000

## PROSJEKTBEKRIVELSE:

Opparbeiding av statlege friluftsområde;	Kartref. M711:
4a. Svinøya (Ålesund kommune - 1501)	1219 IV
4b. Mauren (Skodje kommune - 1529)	1220 III
4c. Kråkvika (Vestnes kommune - 1535)	1220 II

## UTFØRT ARBEID:

4a. Svinøya - Ålesund kommune

Ved landingsstaden på sørsida er det rydda eit større område med osperenningar. Langs den mykje utbetra stien over til garden, og i området generelt er det lagt vekt på å fristille steingjerde, murar og rydningsrøyser. Dette aukar opplevingsverdien og mangfaldet i det kulturlandskapet som for ikkje lenge sidan prega området. Gardstunet og frukthagen er rydda og slått slik at dette no står fram meir lysope og lett. Det er opparbeidd ein sti frå gards- tunet og sør til Gullmyra, og vidare med to alternativ attende til brygga. Det er tatt ut skog slik at Gullmyra har fått eit lysope hagemarkpreg (fig.8). Den omkransande steingarden er fristilt.

4b. Mauren - Skodje kommune

Fleire stiar er rydda og oppbygd med stein, grøfter er steinsette (fig.9). Markane er slått på nordsida av tjernet. Det er utført eit stort oppryddingsarbeid ved naustet. Gamlehusa er rivne og det er no også klart for opparbeiding av ny parkeringsplass ved den gamle nedkøyrsla til tunet. Dette vil Vegvesenet utføre i 1992.

4c. Kråkvika - Vestnes kommune

Det er opparbeidd ny tilkomststi frå Kråkvika bustadfelt. Stien er lagt om i høve til den gamle, oppbygd litt i terrenget og drenert. Det er også opparbeidd sti over til Little Kråkvika (fig.10).

## PROBLEM:

Største problemet har vore å få raskt ut lister frå arbeidsformidlinga. Dette har i følge arbeidsleiaren bremsa unødig på igangsetting av arbeidet, som etter alt å dømme har gått bra med god dagleg arbeidsleiing.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**

Det er klart at arbeidet som er sett i gang treng oppfølging (slått, vidareføring av stiar og vanleg vedlikehald). I tilknytning til alle desse tre områda bør det setjast opp informasjonstavler.

Friluftsrådet har også mange andre prosjekt og mindre tiltak utanom dei som er omtala her.



Figur 8. Gullmyra på Svinøya - Ålesund kommune.



Figur 9. Stiar er oppbygd med stein, Mauren - Skodje kommune.



Figur 10. Opparbeidd sti til Litle Kråkvika, Vestnes kommune.

## 3.5

## PROSJEKTNR: 5

KOMMUNE:	Rauma	TILSAGN TOT.:115.448
KOMMUNENR.:	1539	MNDV. TILSAGN: 8
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA: 7,8
PROSJEKTPERIODE:	21.05.-29.10.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	4	DRIFT TOTALT 28.000
TILSAGNSNR.:	1121/91	DRIFT NYTTA: 27.235

ARBEIDSLEIING: Rauma kommune v/kommunegartnerar

ANDRE FINANSIERINGAR:FM-MVA: kr 60.000

PROSJEKTBESKRIVELSE: Kolmanneset (statleg friluftsområde)  
- div. tilrettelegging/opparbeiding

## UTFØRT ARBEID:

Det er rydda bort tennung inn mot slåttemarka i den nordlege delen av området. Lauvskogen er tynna ut og er blitt meir lysopen ned mot svaberga (fig.11). Det er også rydda noko skog rundt tre gravrøyser (fig.12).

Gammal tipp av kvist og gras er rydda bort frå stranda i aust. Her er det også laga ein smal molo ut i sjøen.

Avkøyrsla frå hovudvegen er no utbetra.

## PROBLEM:

Fylkesarkeologen har peika på at eit av båla med kvist var brent for nært gravrøysene. Dette kan verke inn på innhaldet i røysa, og eventuelt framtidige undersøkingar. Det er viktig å ta omsyn til dette ved ev. seinare rydding og bålbrenning i området.

## FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:

Det vil kreve mykje å halde unna tennung som no vil vekse opp i den meir lysopne skogen.

Kommunegartneren peika på behovet for parkeringsplass i tilknytning til friluftsområdet. Aktuell plassering er i øvste del av slåttemarka, mellom den oppgrusa tilkomstvegen og hovedveg. I tilknytning til denne er det ønskeleg med sanitæranlegg for badegjestane.

I høve til fornminne har Fylkesarkeologen ytra ønske om avdekking av tre gravrøyser som finst i området. Dette er eit enkelt arbeid fordi røysene stort sett berre er dekte av laus mose som er lett å få bort. Nokre tre som veks oppå bør fjernast. Får ein fram røysene aukar dette mangfaldet i opplevingskvalitetane i området. Fylkesarkeologen vil også etterkvart forsøke å få opp informasjon om røysene si historie.



Figur 11. Lauvskogen er no meir lysopen, Kolmanneset.



Figur 12. Den nordlegaste gravrøysa, Kolmanneset.

## 3.6

## PROSJEKTNR: 6

KOMMUNE:	Molde; Veøy	TILSAGN TOT.:458.430
KOMMUNENR.:	1502	MNDV. TILSAGN: 30
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA: 28,4
PROSJEKTPERIODE:	27.05.-6.11.91	DRIFT PR.MNDV: 4.350
SYSSELSETTE:	8	DRIFT TOTALT:181.025
TILSAGNSNR.:	2643/91	DRIFT NYTTA: 181.003

ARBEIDSLEIING: Miljøvernadv. v/prosjektleder,  
oppsynsmann for Landskapsvernområdet  
og bygningsbas frå eng. byggfirma.

ANDRE FINANSIERINGAR:FM-MVA: kr 46.000  
Romsdalsmuseet: kr 363.000  
Molde komm.: kr 150.000 (MD-midler)

PROSJEKTBEKRIVELSE: Skjøtsel/restaurering av  
kulturlandskap, oppsetting av  
driftsbygning

## UTFØRT ARBEID:

Skjøtsel av kulturlandskapet

Den årlege skjøtselen av landskapsvernområdet er i år vidareført ut over det arealet som har vore praktisk mogleg å skjøtte tidlegare. Tohjula slåmaskin og ljå har vore mykje brukt. Ein har også lagt vekt på kantslått. Dette for å gi eit heilskapleg preg - samanheng mellom slåttemarkene som blir oppdelt av store velutvikla asketre i fine avgrensande reiner. Det er også rydda mykje tennung i området mot Bondvika (fig.13). Frukthagen i Brødkurven er rydda bra fram. I samarbeid med arkeolog Brit Solli, Universitetet i Oslo, vart det rydda fram eit felt som Herteig foretok utgravingar i i 1953 (nordre del av Rådyrmarka mot Sørvågen).

Driftsbygningen

Det er lagt ned mest arbeid i den restaurerte og oppattbygde gamle driftsbygninga (fig.14 og 15). Arbeidet er utført i samarbeid med Romsdalsmuseet, og innleigde bygningsarbeidarar har stått for leinga. Her er utført alt frå grunnarbeid, støyping, tørrmurarbeid, røysing og innreiing av nybygget, maling og mykje oppryddingsarbeid.

## PROBLEM:

Det største problemet har nok vore nedbøren som har gjort arbeidet ute på markane vanskeleg. Arbeidsstokken har vore stabil, men i slutten av perioden kom ein del uforutsette ting inn som gjorde sitt til at ein lønsmessig ikkje fekk nytta alle månadsverka (AMO-kurs, sjukemeldingar, tilbod om fast jobb). På driftssida har ein pga det uforutsette fått full dekning inntil tilsagnsramma.

Ingen av dei engasjerte hadde bakgrunn innan gardsarbeid, så dei mangla innsikt i det nødvendige arbeidet i starten. Ein arbeidsleder som såg kva som måtte gjerast hadde vore til stor hjelp.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**Kulturlandskapet

Ein må følge opp vidare med årleg skjøtsel, no også av dei "nyrydda" områda, m.a. Rådyrmarka mot Bondvika og frukthagen i Brødkurven. Gjer ein ikkje dette vil det snart gro til att. I tillegg må ein gå over tuete delar av markane med flåhakke, slik at ein etterkvart kan foreta slåtten meir rasjonelt med lett maskinreiskap. På fleire våte parti er det behov for dreneringsarbeid.

Ved bruk av beitedyr kan ein redusere behov for maskinell slått. Dette ville også vere viktig for det biologiske mangfald i landskapet, og for opplevingskvalitetane - eit levande kulturlandskap. Det er no gjort så mykje i området at den tidlegare utarbeidde skjøtelsesplanen må gjennomgåast. Dette også for å kunne gi klare instruksar for vidare årleg skjøtsel.

Driftsbygningen

Innandørs står det att ein del restaurering og innreiing. Det manglar noko tilrettelegging for funksjonshemma sin tilgang til dei to toaletta. Særskilt golva må haldast godt med lakk for å lette reingjering - god hygiene.



Figur 13. Frå Rådyrmarka mot Bondvika, Veøy.





Figur 14. Driftsbygningen før restaurering/nybygg, Veøy.



Figur 15. Driftsbygning etter restaurering/nybygg, Veøy.

## 3.7

## PROSJEKTNR: 7

KOMMUNE:	Averøy/Eide	TILSAGN TOT.:152.810
KOMMUNENR.:	1554/1551	MNDV. TILSAGN: 10
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA: 9,53
PROSJEKTPERIODE:	24.06.-15.11.91	DRIFT PR.MNDV: 4.350
SYSSELSETTE:	2	DRIFT TOTALT: 43.500
TILSAGNSNR.:	2499/91	DRIFT NYTTA: 35.804

ARBEIDSLEIING: Atlanterhavsvegen A/S v/leiar

PROSJEKTBEKRIVELSE: Miljøtiltak langs Atlanterhavsvegen

## UTFØRT ARBEID:

Eldhusøya - Averøy

I første rekkje er det gjort ein del finarbeid kring Eldhusøya rasteplass som Statens Vegvesen har opparbeidd. Arbeidet er utført i samarbeid med og under leiding av Vegesenet. Det er mellom anna laga til avskjerma plassar for rastebord, stiar i bratt helling opp til fleire terrasser også med rastebord og grøntområde/leikeområde for barn (fig.16). Det var også planar om å lage fleire stiar i eit nett rundt på øya (kart kan finnast), nokre med standard for rullestolbruk. Dette er likevel ikkje utført fordi prosjektet ikkje var klarert med grunneigar på førehand.

Strømsholmen - Eide

Da stiprosjektet ikkje kunne gjennomførast, vart arbeidet flytta til andre miljøtiltak langs Atlanterhavsvegen.

På Strømsholmen er det eit større heilskapleg bygningsmiljø (fig.17). Fylkeskonservatoren ytra ønske om å få rydda opp kring bygningane, vøle på nausta og skifte taka til meir tidstypisk materiale. Materialet var alt innkjøpt av eigar. Dette arbeidet er utført under leiding av ein faglært bygningsarbeidar. Det er no skifta tak på to naust.

## PROBLEM:

Eldhusøya ligg heilt ut mot havet - Hustadvika. Veret har difor hatt mykje å seie for arbeidet. Med mykje regn og vind i delar av prosjektperioden har arbeidet blitt hemma ein del av dette. På Strømsholmen har det vore mogleg å arbeide ein del i ly for veret, inne i nausta.

## FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:

Ved Hulvågbruene er det planlagt ein fiskeklass for funksjonshemma. Fleire stader langs Atlanterhavsvegen er det eit nettverk av luftspenn. Leiaren av Atlanterhavsvegen A/S har tatt opp spørsmålet om fjerning av unødige spenn og ev. nedgraving med ulike etatar. Å få avgrense dette og/eller fjerne ein del av luftspenna, vil utvilsomt ha mykje å seie for miljøet langs denne turiståra.



Figur 16. Miljøtiltak ved rasteplass på Eldhusøya.



Figur 17. Strømsholmen - heilskapleg bygningsmiljø.

**3.8****PROSJEKTNR: 8**

KOMMUNE:	Kristiansund	TILSAGN TOT.:577.240
KOMMUNENR.:	1503	MNDV. TILSAGN: 40
KARTREF. M711:	1321 II	MNDV. NYTTA: 40,17
PROSJEKTPERIODE:	06.05.-15.11.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	16	DRIFT TOTALT:140.000
TILSAGNSNR.:	2348/91	DRIFT NYTTA: 140.000

ARBEIDSLEIING: Kristiansund kommune v/parksjefen

ANDRE FINANSIERINGAR:Eigne midlar

PROSJEKTBEKRIVELSE: Hagelin boss plass tilbake til natur  
og div. tilrettelegging i friområde

**UTFØRT ARBEID:**Hagelin boss plass

Det er køyrt på masse oppå fyllinga (maskinelt fordelt, overgått med handmakt). Som kalking er det lagt utover skjelsand. På grunn av store nedbørsmengder i lange periodar som gjorde underlaget svært vått, fekk ein ikkje fullført arbeidet før i oktober/november. Det er planta lønn, bjørk, hagtorn og eik frå regionen, og det er sådd grasfrø (fig.18).

Innlandet - fyrlykt

Blaute parti er steinlagt. Vindfall i planta buskfuruskog er rydda bort frå trasseen.

Bautaen

Storstilt rydding av kvist i tettvaksen buskfuruskog (fig.19). Skogen er blitt lysopen og stiane er betre tilgjengelege.

Folkeparken

Stiane er oppgrusa. Buskfuruskogen langs turvegane er rydda for ein del kvist.

Nordlandet

Ved Torvhaugane er det kvista i buskfuruskogen.

**PROBLEM:**

I starten var det store problem og vanskar med samkøyring for avlønning av dei engasjerte. Misnøya var stor, og arbeidsstokken har vore særst ustabil. Det har vore vanskeleg å få tak i egna og arbeidsviljuge folk. 6 av 8 slutta i samband med skulestart i august.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**

Det er enno mykje arbeid att før ein kan opne Hagelin-anlegget som ønska i 93/94. Området skal nyttast til leik/opphald for tilgrensande bustadfelt. Kommunen har garantert for årlege tilskot til dette arbeidet (kr 100 000). Renovasjonsvesenet tek seg av tiltak ved ev. gassdanning i fyllinga.



Figur 18. Hagelin fyllplass.



Figur 19. Rydding av kvist i tettvaksen buskfuruskog.

**3.9****PROSJEKTNR: 9**

KOMMUNE:	Halsa	TILSAGN TOT.:216.465
KOMMUNENR.:	1571	MNDV. TILSAGN: 15
KARTREF. M711:	1421 III	MNDV. NYTTA: 14,93
PROSJEKTPERIODE:	03.06.-26.09.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	4	DRIFT TOTALT: 52.500
TILSAGNSNR.:	1170/91	DRIFT NYTTA: 50.291

ARBEIDSLEIING: Halsa kommune v/teknisk etat

PROSJEKTBESKRIVELSE: div. tilrettelegging i Knarrbukta  
friluftsområde (statleg) m.m.

**UTFØRT ARBEID:**

Langs sørsida av Reitvågen er det opparbeidd sti fram til ein mykje brukt badeplass (fig.20). Stien er lagt fint i terrenget og det er rydda i strandsona. Ein del kratt mellom stranda og parkeringsplassen er tynna ut og rydda bort. Det er laga ein "flåte" som skal leggest ut om sommaren (fig.21). Kommunen har gjort avtale med Vegvesenet om merking ved avkøyrsla til friluftsområdet frå hovudvegen.

Utfyllande arbeid - stirydding/-merking

Stimerking er gjort i samarbeid med tiltakskonsulenten i kommunen og reiselivslaget (kart kan finnast). Det er merka sti og rydda delvis opp til Flatfjellet og i området kring Vassdalsvatnet. Merkinga er gjort med spraymaling i skarp farge. Dette kunne vore gjort meir diskret og likevel med same vegvisande effekt. Det er laga og sett opp to vegvisande treskilt.

Fossdalane - Valsøybotn

Det er lagt inn steintrinn i ei bratt skråning på nordsida av fossane og det er rydda langs stien. Ei treklopp er laga og sett opp på ein vanskeleg passasje mellom den andre og tredje fossen nedanifrå. Fossdalane er eit idyllisk område med storslåtte naturformasjonar i fin mosaikk med beitemark/kulturlandskap.

**PROBLEM:**

I eit einskilt tilfelle vart delar av arbeidsstokken, utan samråding med prosjektleiar, tatt ut av arbeidet og sett til maling av kyrkjebygg. I ettertid vart det utført byttarbeid for dette (snekkararbeid av fagfolk - "flåte"). Arbeidsstokken har vore stabil.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**

Forutan vanleg vedlikehald av opparbeidde stiar i Knarrbukta, er det ønske om vidareføring av merking og rydding av fleire stiar. Dette blir i samarbeid med reiselivslaget.

Det er ønske om at ein etterkvart kan presentere eit turkart over området der m.a. dei merka stiane er innteikna.



Figur 20. Opparbeidd sti i Knarrbukta friluftsområde.



Figur 21. "Flåte" - skal leggest ut sommaren -92.

## 3.10

## PROSJEKTNR: 10

KOMMUNE:	Surnadal	TILSAGN TOT.:	227.415
KOMMUNENR.:	1566	MNDV. TILSAGN:	15(12+3)
KARTREF. M711:	10a. 1421 II/III	MNDV. NYTTA:	15,23
	10b. 1420 I/IV	DRIFT PR.MNDV:	12X4.200
PROSJEKTPERIODE:	01.05.-22.09.91		3x4.350
SYSSELSETTE:	7	DRIFT TOTALT:	63.450
TILSAGNSNR.:	1157/91	DRIFT NYTTA:	63.024

ARBEIDSLEIING: Surnadal kommune v/miljøvernrådsgjevar  
 ANDRE FINANSIERINGAR:FM-MVA: kr 40.000 Svissholmen

PROSJEKTBESKRIVELSE: 10a.Div. tilretteleggingsarbeid i  
 kommunen sine friluftsområde  
 10b.Opprydding i Surnautløpet  
 naturreservat, delområde Ranesevju  
 og Grimsmo

## UTFØRT ARBEID:

10a. Friluftsområda

I mai arbeidde ein person særskilt med planlegging og tilrettelegging for stiprosjektet. Han innhenta forslag på aktuelle stiar frå grunneigarar og andre. Alt vart teikna inn på økonomisk kartverk, og prosjekta vart avklara med dei aktuelle grunneigarane.

Frå juni og i resten av perioden vart det arbeid med merking og rydding ute i områda; Søyset/Kvanne, Røen - Stangvika (Svissholmen), Røen - Skei via Strengen og Sjøasætervatnet, Åsen - Honnstadknykjen, rundt Åsskardfjorden, Bøverdalen - Vassdalsvatnet og i Nordmarka (kart kan finnast). Stiane er merka med skilt i stiskilje og blå merkemaling i firkant (diskret, men godt synleg merking). Skilta er utført i trykkimpregnert materiale, og laga i samarbeid med flyktningekonsulenten i kommunen. Ikkje langt frå Åsskard er det laga bru over ei flaumelv.

Det er laga og sett opp fire informasjonstavler (etter norsk standard for uteinformasjon utarbeidd i DN). Dei er sett opp på Kvennbøen, Øvstbøen, ved Vindøldalen og Gråsjøen (fig.22). Dette har vore gjort i samarbeid med oppsynsmannen for Trollheimen. På Svissholmen er det laga og sett opp ei større oppslagstavle i samarbeid med Grendalaget.

10b. Surnautløpet naturreservat

Delområde Ranesevju: Her er det gjort eit stort oppryddingsarbeid av ulovleg dumpa søppel. Vegvesenet brukar parkeringsplassen ved naturreservatet som oppbevaringsplass for div. reiskap/grus/autovern m.m. Reiskapen er plassert slik at naturreservat-skilting er vanskeleg å sjå (fig.23). Fleire forbudskilt mot søppeltømming er laga og sett opp (mellombels).



Delområde Grimsmo (fig.24): Ulovleg dumpa søppel er rydda vekk.


**PROBLEM:**

Arbeidsstokken har fungert bra. Utforkøyring har medført utgifter til eigenandel (forsikring) for reparasjon av bil.

**FRAMTIDIG ARBEID/VEDLIKEHALD:**

Det er ønske om midlar til ytterlegare tilrettelegging i Nordmarka, særleg med tanke på fiskeing for funksjonshemma. Prosjektbeskrivelse er under utarbeiding hos miljøvernrådgjevaren i kommunen. Det er behov for vedlikehald og vidare rydding og merking av gamle stiar i kommunen.

Det er også eit ønske om skikkelege forbudsskilt mot søppeltømming ved naturreservat - særleg i delområde Ranesevju. I delområde Grimsmo er det behov for å ordne grusbakker/skråning opp mot butikksenteret. Tilgrensande område rundt naturreservatet er ei viktig ramme for heilskapsinntrykket.



Figur 22. Oppslagstavle laga etter DN-standard, Øvstbøen.



Figur 23. Delområdet Ranesevju, verneskiltet er skjult av Vegvesenet sine reiskapar.



Figur 24. Ulovleg vegetasjonsrydding i delområdet Grimsmo.

**3.11****PROSJEKTNR: 11**

KOMMUNE:	Surnadal/Rindal	TILSAGN TOT.:129.897
KOMMUNENR.:	1566/1567	MNDV. TILSAGN: 9
KARTREF. M711:		MNDV. NYTTA: 8,97
PROSJEKTPERIODE:	10.06.-31.10.91	DRIFT PR.MNDV: 3.500
SYSSELSETTE:	2	DRIFT TOTALT: 31.500
TILSAGNSNR.:	1177/91	DRIFT NYTTA: 31.240

ARBEIDSLEIING: Surnadal og Rindal sau- og geitealslag  
v/bonde Magnar Almborg

PROSJEKTBEKRIVELSE: Tilsyn sau/jerv Trollheimen

**UTFØRT ARBEID:**

Arbeidet starta opp med deltaking på kurs i observasjon/flåing av skada og drepte dyr.

To engasjerte førte tilsyn med sau i Trollheimen - særleg området mot Folldalen (fig.25). (I tillegg til desse to var det leigd inn ein person på vanleg engasjement ein kortare periode. Dette var finansiert av sau- og geitealslaget.) Av praktiske årsaker var arbeidsperiodane på 8 dagar tilsyn og 6 dagar "fri" (lange anmarsjar inn til områda). I "fri-periodane" vart dei avløyste av saueigarane, som da utførte tilsynet. Dette fungerte godt.

Fylkesmannen sin oppsynsmann i Trollheimen landskapsvern-område har også vore ein del med i tilsynet.

**PROBLEM:**

Innleigd sambandsutstyr kunne ikkje nyttast pga for liten rekkevidde og avskjermande fjell.

**ERFARINGAR:**

Ordninga har fungert svært godt. Tilsynet hadde full oversikt over kvar flokkane til ei kvar tid heldt til. Dette gjorde innsankingsarbeidet i haust mykje lettare. Dei engasjerte har vore vel skikka for oppgåva, noko som er særleg viktig i eit slikt arbeid.

Meir detaljerte opplysingar om observasjonar kan finnast (henv. førstekonsulent Ulf Lucassen, FM-MVA).

**FRAMTIDIG ARBEID:**

Det er sterkt ønske om liknande tiltak også for neste år, da også med eit tilsvarande tilsyn i Nordmarka - tilsaman fire personar. I år var det større tap i dette området enn i Trollheimen.



Figur 25. Frå tilsynsområdet i Folldalen mot Storlifjellet.  
(Foto: Lars Olav Lund)



Figur 26. Sporobservasjon innst i Fossidalen - Trollheimen.  
(Foto: Ola Erik Bolme 1991)

## 3.12

## PROSJEKTNR: 12

KOMMUNE:	Sunndal	TILSAGN TOT.:	73.305
KOMMUNENR.:	1563	MNDV. TILSAGN:	5
KARTREF. M711:		MNDV. NYTTA:	5
PROSJEKTPERIODE:	01.07.-15.09.91	DRIFT PR.MNDV:	3.730
SYSSELSETTE:	2	DRIFT TOTALT:	18.650
TILSAGNSNR.:	1622/91	DRIFT NYTTA:	18.650

ARBEIDSLEIING: Styringsgruppe for tilsyn sau/jerv,  
Sunndal og Øksndal sau- og geitalslag.  
Kontakt: jordbrukssjefen i Sunndal

ANDRE FINANSIERINGAR:DN: kr 100.000

PROSJEKTBEKRIVELSE: Tilsyn sau/jerv Snøhetta.

## UTFØRT ARBEID:

Arbeidet starta opp med tilsvarande kurs som for prosjekt 11. I tillegg til arbeid for trygd-engasjerte har det gått folk på vanleg engasjement. For utført arbeid/erfaringar visast til rapport som vil bli utarbeidd (ansvarleg: førstekonsulent Ulf Lucasen, FM-MVA).

## PROBLEM:

I utgangspunktet var tilsagnet på 9 mndv. Etter signal om behov for meir vart det tildelt 3 mndv. til. Etter ei tid var berre 5 av desse disponert. Etter konferanse med representanten for styringsgruppa vart det semje om å overflytte dei resterande 7 mndv. til eit anna prosjekt i fylket. Seinare vart det meldt om behov for om lag 1 mndv. i tillegg likevel. Dette var da vanskeleg å få til.

Styringsgruppa har ikkje hatt høve til å forskottere for driftsutgifter. FM-MVA har difor stått for dekking av innkomne rekningar for dette prosjektet.

## ERFARINGAR:

Ordninga har fungert godt.

## 4.0 EVALUERING

---

### 4.1 FAK/DA-KONTOR

Kontakt mellom FAK og prosjektleiaren vart oppretta tidleg i prosjektperioden.

#### - Tilsagnsformen

FAK fordelte dei tilgjengelege midlane etter miljøvern-avdelinga si prosjektoversikt ut til DA-kontora som blei berørt. Desse ga så tilsagn på kvart enkelt prosjekt attende til FM-MVA. Dette førte til at omfordelingar mellom prosjekta vart ein tungvint prosess. I følge Skattefuten er det også høve til å gi eit samla tilsagn direkte frå FAK. Ei slik løysing ville m.a. letta arbeidet med ev. omfordelingar mellom prosjekt i ulike arbeidskontordistrikt. Dette vart særleg aktuelt i slutten av prosjektperioden.

#### - Ulik praksis med AFT - utrekning av lønn

Dei 12 prosjekta fordelte seg på 7 av dei ialt 9 DA-kontora i fylket. Samarbeidet mellom FM-MVA og DA-kontora har fungert bra. Med ei slik brei kontaktflate i arbeidsmarknadsetaten har det også synt seg at DA-kontora på einiskilde felt har ulik praksis. Her med tanke på m.a. prosedyre for utrekning av lønn ved engasjement i delar av månad, og krav til dokumentasjon i refusjonsprosessen (framlegging av faktura/rekningar m.m.). For at alle engasjerte i ulike distrikt skulle få lik handsaming, vart det tidleg snakka om behovet for eit fellesmøte for FAK, DA-kontora og andre som arbeidde med administrasjon av AFT-prosjekt. Slik kunne ein få avklare og samordne til lik praksis. Dessverre lukkast det ikkje å få til eit slikt møte. Behovet er like sterkt dersom ordninga held fram i 1992.

#### - Uttak av arbeidskraft

Fleire arbeidsleiarar ute i kommunane har meldt om vanskar med å få ut lister over arbeidsledige. Grunnar til dette har vore ferieavvikling, kurs/møteverksemd og at DA-kontora heller har villa auka satsinga på meir varige arbeidsplassar. Den siste grunngevinga er forståeleg, men særleg skuffande når eit slikt tiltak som AFT er i gang, tilsagnet er gitt og det ein manglar er ei liste over arbeidsledige. Dette siste utsagnet er heldigvis ikkje representativt for alle DA.

## 4.2 ARBEID FOR TRYGD - ORDNINGA

### - Tilgjengeleg arbeidskraft

I alle dei gjennomførte prosjekta kan arbeidet som er utført karakteriserast som ekstraordinært. Dette er også ein av intensjonane med AFT-ordninga.

Personar som har meir i dagpengar enn kr 8.500 pr. mnd., kan avslå tilbod om engasjement på denne ordninga. Dette utestenger fagarbeidarar. Difor må ein satse på prosjekt der det ikkje er naudsynt med fagleg arbeidskraft, eller der ein kan stille med fagleg arbeidsleiing. Alle kommunane har ikkje hatt like gode høve til dette.

Dei prosjekta som har hatt tilgang til god arbeidsleiing, har ikkje hatt særleg behov for særskilte kvalifikasjonar i arbeidsstokken. Likevel har det vore ein lang og vanskeleg prosess for fleire arbeidsleiarar å få fatt i arbeidsviljug arbeidskraft. Når folk ikkje er interessert i å ta arbeid fordi det er utearbeid og ikkje står øvst på ønskelista, bleiknar tanken om arbeidsmoral og viljen til å "ha eit arbeid å gå til". Ordninga kan nok diskuteras både med tanke på påstått "utnytting" av arbeidskraft, lønnsnivå og den midlertidige sysselsettingseffekten, men tiltaket eksisterer enno.

Dei fleste arbeidsleiarane har trass i vanskar fått fatt i nok arbeidskraft til å nytte sine tildelte rammer fullt ut.

Det ville kanskje vore lettare å få fatt i arbeidsviljug og interessert arbeidskraft dersom ein kunne tilby folk ei anna lønn på vanleg engasjement. Ein ville nok også kunne sjå større resultat av slike engasjement.

### - Aldersfordeling - stabilitet

Aldersfordelingen i arbeidsstokken syner at eldre personar er mest nytta, særleg i småkommunar og mindre prosjekt. Desse har også synt seg å vere den mest stabile og sjølvstyrte arbeidskrafta. I prosjekt i større kommunar/bykommunar har arbeidsstokken i hovedsak vore samansett av yngre personar. I fleire tilfelle har mange her dessverre synt seg særst ustabile og usjølvstendige. I tillegg fekk ein i samband med skulestart i haust ein stor avgang. Dette kunne ein vente, men det førte til ein ny omgang med innhenting av arbeidskraft.

## 4.3 IGANGSETTING AV ARBEIDET

### - Dagleg arbeidsleiing på staden

For å kunne sette igang eit arbeid innan AFT-ordninga må det som tidlegare nemnt eksistere eit godt apparat som kan styre/leie arbeidet. FM-MVA kontakta her kvar einskild kommune som alle stilte med arbeidsleiarar.

Dette fungerte rimeleg bra. Sjølv om dei berørte vart orientert om tilsagnsrammene alt i april, tok det lengre tid enn forutsett å kome igang med arbeidet. Ein av grunnane som var gitt her var ferieavvikling for aktuelle arbeidsleiarar (særleg vanskeleg for småkommuner). Oppstarting fall også mykje saman med ein travel parksesong i bykommunane.

#### **4.4 "ADMINISTRASJONSARBEID"/MEIRARBEID**

##### **- Uforutsett meirarbeid**

Det er heilt klart at bruk av AFT-ordninga legg mykje ekstraarbeid på administrasjonen ved MVA. Ein kan spørje seg om den styresmakta som fordeler midlar i slik storleik som vart gitt til Møre og Romsdal, er klar over kva ekstra arbeidsmengd ein også legg på etaten - eit arbeid som det i utgangspunktet ikkje finnast kapasitet til å handsame. I tillegg var forutsetninga at arbeidsgjevaren måtte vere statleg for å få full refusjon. Ergo var der ikkje høve til å delegere ordninga vidare til kommunane slik at MVA da kunne stå att som kontrollerande instans.

##### **- Avlønning - Skattefuten**

Med Fylkesmannen som statleg arbeidsgjevar gjekk avlønning gjennom Skattefuten i Møre og Romsdal. Følgjeleg vart dette ein stor uforutsett auke i arbeidet også for denne etaten. Ein måtte difor innrette seg etter Skattefuten sine lønnsrutiner med utbetaling ein gong i månaden - ikkje like lett å godta for arbeidsledige som er van med 14-dagars utbetalningar.

##### **- Rekneskapsføring**

Med omsyn til rekneskapsføringa vart også dette ein arbeidsauke på grensa til det gjennomførbare for den ansvarlege. Ved at kommunane i størst mogleg grad sytte for forskottering og eiga føring av driftsutgifter, greidde ein å redusere arbeidet noko.

Det ville også vore ein fordel dersom kvart einskilt prosjekt hadde eit prosjektnr. i rekneskapsføringa. Da ville det vore enklare å følgje med forbruket på lønssida i dei ulike prosjekta.

Ved refusjonsoppgjeret vart rekneskapsblankettar for løn og drift skilt. Revisorgodkjent rekneskap på kommunane sine driftsutgifter vart lagt ved, og kommunen sin bankkonto vart ført på for direkte refusjon frå Skattefuten.

Frå Skattefuten vart det heilt på slutten av året meldt om at denne framgangsmåten skapte vanskar for revisjonen for Skattefuten.



Da FM sto som arbeidsgjevar burde kommunens driftsutgifter vore refundert direkte over MVA sitt budsjett. Deretter kunne MVA søke refusjon av både lønn og drift.

Hvis denne siste framgangsmåten hadde vore fulgt, ville vi stått overfor eit dilemma - korleis skulle vi rekne ut moglege refunderte driftsutgifter? Dilemmaet ville oppstått pga. arbeidsmarknadsetaten sitt høve til å bruke skjønn. Ved uforutsette tilhøve (mykje sjukemeldingar, fråver o.l.) der driftsutgifter har påløpt utover det antal nytta mndv. tilseier, er det mogleg å få dekka inntil driftstilskotet sine rammer. Dette kan imidlertid vurderast ulikt ved dei ulike DA-kontora, slik at full refusjon ville ikkje vore sikra.

Ved ev. seinare prosjekt innan AFT-ordninga er det viktig å få avklara alle slike fakta tidleg. Møte mellom FM-MVA, FAK og Skattefuten vil nok vere den beste måten å få ei slik avklaring på.

Dei endelege tala for midlar som er nytta til prosjekta er ordna i tabell 3 (vedlegg 3). Av denne ser ein at 221,9 av dei ialt 230 mndv som vart fordelte er nytta. Herøy kommune har ikkje nytta 3,1 mndv og Ålesund kommune heile 4 mndv. I Herøy kommune var grunnane forseinka arbeidsstart og vanskar med å få fatt i eigna arbeidskraft. For Ålesund kommune var det vanskar med å få stabil arbeidskraft og fleire slutta i arbeidet etter kort tid. I dei andre prosjekta er det meste nytta. Kommunane Kristiansund og Surnadal nytta over tilsagnsramma når det gjaldt mndv. Dette vart dekt fullt ut på lønssida likevel.

Da nokre få prosjekt ikkje nytta sine driftstilskot fullt ut, vart ubrukne midlar ført over til prosjektet på Veøy landskapsvernområde. Dette vart svært mykje dyrare enn antatt. Kr 50.625 av unytta midlar vart overført.

Ein del ulegitimert fråver gjer utslag på lønnsutgiftene. Sjølv om mndv er nytta tilnærma fullt ut, står det likevel att lønnsmidlar på dei fleste prosjekta. Totalt er det nytta kr 2.388.774 til lønnsutgifter (lønn og sos.utg.) og kr 903.328 til driftsutgifter. I tillegg har FM-MVA og andre ytt tilskot der det har vore naudsynt for gjennomføringa av prosjektet (sjå tabell 3). Totalt er det i desse AFT-tiltaka med tilhøyrande ekstraløye nytta kr 4.340.000 i Møre og Romsdal i 1991.

#### **- Prosjektlear**

Prosjektlearen har stått for administrasjon, samordning og oppfølging av kvart einskilt prosjekt, både med tanke på framgang i og utføring av arbeidet. Prosjektlearen har også arbeidd med evaluering/oppsummering av prosjekta - denne rapporten.

#### 4.5 UTFØRT ARBEID

##### - Prosjektbeskrivelser

I forkant av fordeling av midlar vart det innhenta opplysningar om innhaldet i dei ulike prosjekta. Tilsagna vart gitt på dette grunnlaget. Det har vore små eller ingen endringar i dette. Kvar einskilt prosjekt er evaluert i egne omtalar under kapittel 4.0.

##### - Kompetanse i kommunane

Det er ulike meiningar om utforming/utføring av og behov for tiltak i friluftsområda i kommunane. Vi har lagt vekt på tiltak som ikkje reduserer opplevingskvalitetane i områda, og som så langt som mogleg er på naturen sine premisser. Vi har unngått å bruke større maskinell reiskap fordi det var nok arbeidskraft til å gjere arbeidet mykje finare, utan å lage større sår i landskapet. Dette har gått bra i alle prosjekta.

Det var også ulik og avgrensa kunnskap om korleis ein på ulike måtar kan opparbeide og/eller merke turstiar. Opparbeidinga har bestått av alt frå berre kvisting til oppmuring med stein osb. Det har blitt nesten like mange forskjellige utformingar som arbeidsleiingar.

##### - Merking av stiar

Merkinga er også utført svært ulikt. I dei fleste tilfella hadde det vore nok å kviste tydeleg fram stitrasseen, men det har også blitt merka med skilt og farga maling (punktvis). I eitt tilfelle er det brukt skarpt oransjefarga maling på stein/tre til oppmerking. Dette verka forstyrrende i miljøet. At det vart gjort på denne måten er grunna i liten kompetanse/auge for slike tiltak både hjå arbeidsleiaren og dei engasjerte. Dette syner at det er viktig å forvise seg om at slik kompetanse er til stades i utgangspunktet. Er den ikkje det, er det viktig å gjere merksam på moglegheitene som finnast til diskret, men likevel nok informativ merking.

##### - Effektivitet i arbeidet

I alt 72 personar har vore engasjerte innanfor tiltaket. Sjølv om dei stort sett har vore relativt stabile i fram-møte, har ikkje framgangen i arbeidet vore like synleg i alle høve. Behovet for tilsyn har vore uvanleg stort i nokre arbeidsgjengar.

Vel å merke har også klimaet vore vått og kjølig i store delar av arbeidsperioden. Dette har ikkje berre dempa ein god del på arbeidsviljen, men også høvet til å kunne gjennomføre særskilde arbeidsoppgåver.

#### 4.6 NYE SYSSSELSETTINGSPAKKAR

Etter å ha samordna og kome igang med AFT-prosjekta, bad FM-MVA i Møre og Romsdal om nye innmeldingar av aktuelle tiltak innan samme ordning. Dette vart sendt ut i slutten av april, med innmeldingsfrist 15.06.91 (vedlegg 3). Innkomne prosjekt vart samordna til ei fylkesoversikt over moglege AFT-prosjekt. Det vart innmeldt prosjekt frå 16 kommunar/organisasjonar som utgjorde om lag 250 mndv (vedlegg 4). Som tidlegare nemnt vart alle prosjekt avslått frå FAK.

Trass i utfallet satt vi etter dette inne med ei oversikt over prosjekt som kunne vere aktuelle i ev. nye sysselsettingstiltak innan miljøvernsektoren.

#### - Ekstra sysselsettingsmidlar til miljøverntiltak - I

13.05.91 sende MD ut brev til kommunane vedkomande "Ekstra sysselsettingsmidlar til miljøverntiltak i kommunane". Den 15.05.91 vart FM-MVA kontakta av fleire kommunar. MVA var da enno ikkje underretta om saka. Både dette tilhøvet og dei tidsfristane det var operert med er under einkvar kritikk. MD grunna dei korte tidsfristane i at ein ville oppnå rask sysselsetting.

Møre og Romsdal fekk tildelt om lag 5,7 mill. kr av totalt 80 mill. kr som vart fordelt på landsbasis.

I svært mange kommunar kom tilsagna i starten av ferieavviklinga. Mange kommunar kom ikkje igang med tiltaka før august/ september. MVA har hatt svært avgrensa kapasitet til konkret oppfølging av desse prosjekta ute i felt. Ved ei tilfeldig synfaring (etter kommunen sin eigen førespurnad) viste det seg at det var sett i gang eit storstilt arbeid på ein skiløypetrasse. Arbeidet skulle utførast av ein person med gravemaskin. Tilsagnet var gitt til "rydding/klopping av turstiar". Prosjektleiaren måtte da minne dei ansvarlege om sysselsettingseffekten og ordlyden i tilsagnet.

#### - Ekstra sysselsettingsmidlar til miljøverntiltak - II

I slutten av oktober kom MD med enda ein ny sysselsettingspakke. Denne gongen skulle 10 mill. kr fordelast på landsbasis. Telefonisk informasjon vart ikkje supplert med skriftleg presisering av klare fakta i pakken. Både Fylkeskonservator og FM-MVA forstod det slik at etter kontakt med einskildkommunar skulle etatane i fellesskap samordne søknadane etter fristen 01.11.91. Dette vart gjort.

Eit vilkår for tilsagn var at midlane skulle nyttast i november og desember 1991. Ein nesten ugjennomførbar frist. I tillegg tok det lengre tid enn forutsett å få avklara tilsagna i MD. Tilsagn vart gitt i veke 46.

Møre og Romsdal fekk her 599.000 kr.

Etter nærare samtale med sakshandsamar i MD vart vi gjort merksame på at vi hadde misforstått informasjonen som var gitt. Søknadane skulle sendast direkte til MD innan 01.11.91. Det er påfallande at begge etatar har misforstått likt.

**- Samkøyring av ulike sysselsettingspakkar - miljøtiltak**

Med denne mengda av ulike sysselsettingstiltak med ulik tilknytning til andre etatar, er det lett å forstå at det vart vanskeleg å halde desse frå kvarandre. Ein kommune kunne ha eigne AFT-prosjekt, fylkeskommunale AFT-prosjekt og statlege AFT-prosjekt å skilje mellom, også med ulike refusjonsordningar. I tillegg kom MD med utspel i direkte til kommunane utan i forkant å informere dei instansane som alt var på banen med andre sysselsettingstiltak (FAK, DA-kontora, FM-MVA, FK-v/Fylkeskonservator osv). Det synest her at det manglar samordning på høgre plan.

Alle desse ekstraordinære sysselsettingspakkane var berre tilgjengelige for kommunane (dersom det ikkje vart oppretta prosjektavtalar mellom organisasjonar/privatpersonar og kommune). Slik vart mange prosjekt som i høgste grad ville ha kome allmenta til gode, haldne utafør. Her tenkjer vi på prosjekt i regi av t.d. ulike stiftingar (museum, kulturvernorganisasjonar m.m.) utan direkte kontakt med kommunale organ.

Fristane var altfor knappe til at det var mogleg å sette seg godt nok inn i søknadsmassen til å vurdere sysselsettingseffekten og innhaldet i prosjekta, i høve til arbeidsløysa i ulike arbeidskontordistrikt. Slik det har blitt gjort til no, vil det resultere i mykje klattvis arbeid som manglar heilskapleg profil på fylkesplan.

Det er difor eit ønske for ev. seinare sysselsettingstiltak innan miljøsektoren at det vert gitt eit rammetilskot til kvart einskilt fylke. Dette tilskotet kunne så fordelast til dei ulike prosjekta etter ei heilskapleg vurdering.

## 5.0 OPPSUMMERING

---

### - AFT-pakken

I naturforvaltninga sin andel av AFT-pakken 1991, vart 230 månadsverk stilt til rådvelde for Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Miljøvernavdelinga, for tiltak innan naturvern og friluftsliv. Midlane vart fordelt på 12 ulike prosjekt spreidd over heile fylket. Mange prosjekt gjekk på tilrettelegging i kommunale, regionale og statlege friluftsområde. Det vart også utført tilsyn av sau/jerv (rovdyr-observasjon) i 2 større fjellområde, Trollheimen og Snøhetta.

### - Samarbeid

Arbeidet vart leia av tilsette i kommunane o.a. Dette samarbeidet har gått relativt bra. Alle prosjekt er følgt opp av prosjektleiaren, engasjert ved samarbeid mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren og Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Miljøvernavdelinga.

### - Utført arbeid

I prosjektperioden har 72 personar vore innom ordninga. Mykje er gjort, særskilt i friluftsområda i fylket. (Utført arbeid rokkerer Handlingsprogram for friluftsliv i Møre og Romsdal.) Grunna vanskelege vertilhøve i store delar av perioden, og ein i nokre høve ustabil arbeidsgjeng, har framdrifta ikkje vore så stor som ein kunne vente.

### - Rammene i tilsagna

I dei fleste tilfella var driftstilskotet i tilsagna frå DA tilstrekkeleg til å dekkje utgiftene. Til nokre prosjekt ytte Miljøvernavdelinga ekstra tilskot over prosjektmidlar i tillegg (vedlegg 3).

### - Uforutsett meirarbeid

Uant og altfor stort ekstraarbeid er lagt på Miljøvern-avdelinga og tilhøyrande etatar (m.a. Skattefuten) utan at det var mogleg å nytte midlar i det totale prosjektet til administrasjon. Slik AFT-ordninga fungerer i dag krevst det etter måten mykje administrasjon. Da Fylkesmannen måtte stå som arbeidsgjevar for at ein skulle få full dekking av både drift og lønn, vart etaten ståande som enda eit ekstra ledd mellom kommunane og arbeidsmarknadsetaten. Dette burde ikkje vere nødvendig.

#### - Uforutsette sysselsettingstiltak

Kommunane og Fylkesmannen fekk ikkje høve til å førebu dei ulike sysselsettingstiltaka. Evnen til å kunne ta stilling til og sette i gang slike ad-hoc tiltak raskt var difor svært avgrensa. Få kommunar har godt gjennomtenkte prosjekt liggande klar. Med dei korte fristane Miljøverndepartementet opererte med i sine sysselsettingstiltak har nok ein del av dei omsøkte prosjekta ikkje vore avklara på alle hald i utgangspunktet. Det har også tatt lengre tid enn venta å få arbeidet i gang.

Rammetilskot til kvart einskilt fylke som deretter kunne fordelast til kommunane etter Miljøvernavdelinga si samla vurdering, ville lette og løyse mange problem som oppstod i årets sysselsettingstiltak.

Vi meiner at kommunane no er meir førebudd til å sette i gang nye sysselsettingstiltak av liknande karakter som dei som er utført i år. Fleire kommuner arbeider med prosjekt som vil ligge klar for igangsetting i 1992. Dei styrande organ på statleg nivå bør vere tidlegare ute med sine tiltaksordningar som også bør vere betre samordna.

## 6.0 VEDLEGG

---

- Vedlegg 1. Brev frå MD av 02.04.91:  
Syssestelling - miljø
- Vedlegg 2. Brev frå DN av 04.04.91:  
Naturforvaltningens andel av arbeid for  
trygd-pakken i 1991
- Vedlegg 3. Tabell 3:  
Oversyn over midlar nytta i AFT-prosjekt  
"Syssestelling - miljø" i Møre og Romsdal  
1991
- Vedlegg 4. Brev frå FM-MVA av 30.04.91:  
Arbeid for trygd - innmelding av nye  
prosjekt
- Vedlegg 5. Brev frå FM-MVA av 21.06.91:  
Arbeid for trygd - Fylkesmannen i Møre og  
Romsdal, Miljøveravd. Nye/innmeldte  
prosjekt til 2.halvår 1991
- Vedlegg 6. Brev frå FM-MVA av 24-09.91:  
Fylkesmennenes bruk av "Arbeid for trygd-  
pakke" til tiltak i naturvern- og  
friluftsområde.
- Vedlegg 7. Tabell- og figuroversyn.

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT  
STATSRÅDENKONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAKS (02) 34 95 60 - TELEKS 21480 env n  
POSTADRESSE, POSTBOKS 8013 DEP. 0030 OSLO 1

Fylkesmennene

91/03888

dok. 1

90 / 3150-20 008 AL/KSH Sakshon. 2 APR. 1991

## SYSSELSETTING - MILJØ

1. Formål og konklusjon

Miljøvern og arbeidsmarked er viktige satsningsområder for regjeringen. Det arbeidsledighetsproblemet vi nå har kan ikke løses uten at alle sektorer i samfunnet bidrar. Det er naturlig at arbeidet med å nå sentrale miljømål og arbeidet med å nå sysselsettingsmålene ses i sammenheng. Jeg vil derfor be fylkesmennene ta initiativ til å etablere miljø-sysselsetting-prosjekter, blandt annet slike som kan finansieres ved hjelp av "arbeid for trygd"-midler. Videre vil jeg be fylkesmennene å utarbeide en oversikt over prosjekter av denne typen i de enkelte fylker i 1990.

2. Muligheten for bruk av sysselsettingmidler.

Med utgangspunkt i den vanskelige situasjonen på arbeidsmarkedet er det bevilget vesentlige beredskapsmidler for å redusere arbeidsledigheten i 1991. Midlene fordeles gjennom arbeidsmarkedsetaten, blandt annet er "Arbeid for trygd"-ordningen blitt styrket. Midlene benyttes til å finansiere arbeid som utføres i regi av kommuner, fylkeskommuner, statlige etater og ideelle organisasjoner. Se vedlagte retningslinjer.

Søknad om tilskudd til miljøprosjekter fra "Arbeid til trygd"-ordningen eller andre ordninger sendes fylkesarbeidkontoret via distriktsarbeidkontoret.

"Arbeid for trygd" er allerede blitt benyttet i forbindelse med miljøprosjekter i enkelte kommuner, men potensialet er enda større. Jeg vil be alle fylkesmenn ta initiativ til at det etableres sysselsetting - miljø-prosjekter i fylket, eventuelt i kombinasjon med midler under Miljøverndepartementets budsjett. Arbeidskontorene vil også kunne gi opplysninger om andre arbeidsmarkedstiltak som eventuelt kan benyttes.



Samordnet satning mht. enkelte utvalgte oppgaver innenfor Miljøverndepartementets ansvarsområder er under planlegging i samarbeid med Arbeids- og Administrasjonsdepartementet. Dette arbeidet vil direktoratene ha hovedansvaret for å koordinere. Orientering vil bli sendt ut så snart det endelige opplegg er klart.

### 3. Fylkesmannens rolle mht. sysselsetting-miljø-prosjekter

Som jeg understreket i mitt innlegg på fylkesmannsmøtet i desember i fjor, er det av stor betydning at fylkesmennene engasjerer seg aktivt for å bidra til å etablere sysselsetting-miljø-prosjekter. Dette kan skje både ved at den enkelte fylkesmann legger vekt på sysselsettingseffekten ved disponering av egne midler til miljøprosjekter (ref. budsjett direktivet for 1991) og ved at muligheten til finansiering ved midler som arbeidskontoret disponerer, utnyttes best mulig.

Følgende oppgaver vil være sentrale i dette arbeidet :

- Etablere kontakt med fylkesarbeidskontoret. Her vil "Arbeid for trygd"-midler bli fordelt til de ulike distriktarbeidskontorene.
- Holde kontakten med Direktoratet for naturforvaltning og andre av Miljøverndepartementets etater for å planlegge mulige prosjekter i de enkelte fylker som kan finansieres med "Arbeid for trygd"-midler.
- Ta ansvaret for å planlegge og/eller koordinere denne typen miljøprosjekter i fylket. Utarbeide mål og strategi for enkelte konkrete områder, f.eks naturvern.
- Aktivt bidra til at andre statlige myndigheter f.eks. veikontorene i fylkene etablerer sysselsetting og miljøprosjekter.
- Aktivt bidra til at kommuner i fylket etablerer sysselsetting-miljø-prosjekter.
- Holde kontakt med fylkeskommunen for å få en best mulig samordning, f.eks. arbeidet knyttet til kulturminner og -landskap og kollektivtrafikktiltak.
- Rapportere raskt til Miljøverndepartementet dersom det i enkelte større prosjekter oppstår problemer av en slik karakter at politisk behandling i Miljøverndepartementet eller Arbeids- og administrasjonsdepartementet er nødvendig for at de skal kunne gjennomføres.

### 4. Eksempler på miljøoppgaver som kan gi positive sysselsettingeffekter

Aktuelle miljøoppgaver kan f.eks. være :

- Utvikling og opprydding av friluftsområder, nasjonalparker, parker etc.
- Vedlikehold av gang- og sykkelveinett
- Tiltak for kollektivtrafikk (bl.a. utbedring og vedlikehold av holdeplasser/terminaler)
- Støytiltak

- Tiltak mot rovviltskader - tilsyn/gjeting
- Kildesorteringsforsøk
- Rydding av strender og elvebredder
- Oppryddingstiltak i avløpssektoren
- Plukke søppel i gater og lang veikanter
- Oppgaver i forbindelse med kulturminnevern som f.eks. kulturminneregistrering og istandsetting av bygninger
- Forvaltning og skjøtsel av helhet og enkeltelementer i kulturlandskapet

Arbeid med å løse disse oppgavene er allerede igang i mange fylker og kan utvides.


#### 5. Kartlegging av erfaringer.

Miljøverndepartementet vil foreta en gjennomgang av erfaringene med miljø-sysselesettings- prosjekter som ble gjennomført i 1990. Jeg viser til Miljøverndepartementets brev og skjema som ble sendt fylkesmennene 26.06.90. I denne sammenheng er det behov for å kartlegge i hvilken grad det er blitt etablert prosjekter - finansiert med "Arbeid for trygd" midler og/eller andre sysselesettingsmidler i de enkelte fylker.

Som varslet i ovennevnte brev vil jeg nå be om at alle fylkesmenn sender rapport. For sikkerhets skyld vedlegges ovennevnte skjema. Dette sendes Miljøverndepartementet, ~~interne saksbehandler~~ Eventuelle merknader mht. erfaringer med å benytte "Arbeid for trygd"- ordningen til å finansiere miljøprosjekter, kan sendes som vedlegg til skjemaene.

Fylkesmennene vil bli orientert om resultatene av denne undersøkelsen så snart den foreligger.

Med hilsen

  
 Thorbjørn Berntsen

Saksbehandler: Anne Lindseth, tel. 5751

#### 2 Vedlegg

Kopi:

- Arbeids og administrasjonsminister Tove Strand Gerhardsen
- Statens kartverk
- Statens forurensningstilsyn
- Riksantikvaren
- Direktoratet for naturforvaltning
- Alle kommuner og fylkeskommuner

## DET KONGELIGE ARBEIDS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

## ARBEIDSAVDELINGEN

POSTADRESSE: HAMMERSBORG TORV 3, 8004 DEP, 0030 OSLO 1

TELEFAX: 34 85 49

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013, Dep.  
0030 Oslo 1

Dokument ref

Vår ref  
90/7404 A1 TELDato  
031991

## ARBEID FOR TRYGD-PAKKE INNEN MILJØSEKTOREN 1991.

Vi viser til notat av 14.2.1991 med diverse vedlegg.


Miljøverndepartementet foreslår at det umiddelbart settes igang prosjekter innenfor arbeidsfelt underlagt Riksantikvaren og Direktoratet for Naturforvaltning med tilsammen 2390 månedsværk fordelt på landets fylker.


En geografisk fordeling viser en overvekt av aktivitet i Rogaland og Møre og Romsdal mens Nord-Trøndelag og Finnmark kommer dårlig ut. Vi vil be Miljøverndepartementet om å prioritere disse fylkene ved senere prosjekter.

Vi har forøvrig ingen kommentarer til fordelingen. Som fremholdt i våre tidligere samtaler overlater vi den faglige vurdering av prosjektene til Miljøverndepartementet.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil derfor stille til rådighet for de berørte fylkesarbeidskontorer et rammebeløp som skal dekke etatens kostnader ved Miljøverndepartementets Arbeid for trygd-pakke (se vedlegg). Ved beregning av rammene er det lagt til grunn at midlene skal dekke lønnskostnader på 8500 kr pr månedsværk pluss sosiale kostnader. I tillegg kan det ytes at driftstilskudd til prosjektene som i gjennomsnitt pr fylke er beregnet til 2850 pr månedsværk.

Prosjektene forutsetter en statlig arbeidsgiver. Tilsvarende støttesatser gjelder imidlertid også dersom en benytter tiltaket Utvidet arbeid for trygd (særlig langtidsledige personer) med kommunal- eller fylkeskommunal arbeidsgiver eller i regi av almenntilretteleggende organisasjoner. Den enkelte etat må selv ta kontakt med det lokale arbeidskontor for uttakt av ledigmeldte til prosjektene.

  
Øya Ribe e.f.  
underdirektør

  
Tor-Egil Lindeberg

FYLKESVIS FORDELING 1991

1 000 kr

Navn:	Riks- antikvar	Dir. for naturvern	Sum	Lønn + omkostn. driftstilsk.
Østfold	60	26	86	1 160
Oslo/Akershus		60	60	610
Hedmark	60	13	73	985
Oppland		70	70	944
Buskerud	48	49	97	1 309
Vestfold	48	42	90	1 214
Tølemark	60	38	98	1 322
Aust-Agder	48	40	88	1 187
Vest-Agder	48	92	140	1 889
Rogaland	60	300	360	4 857
Hordaland	168	20	188	2 536
Sogn og Fj.		159	159	2 145
Møre og Romsd.	168	230	398	5 369
Sør-Trøndelag	60	125	185	2 417
Nord-Trøndelag		20	20	261
Nordland	108	80	188	2 420
Troms	60	15	75	965
Finmark		15	15	183
Sum	996	1 394	2 390	31 973



SAKSBEHANDLER

Deres ref.

Vår ref.

Dato,

Jan-P. Huberth Hansen  
Geir Grønningsæter  
Tlf. 07-58 05 00

3732/90-221

4.4.1991

ESMAKSTAD  
RE OG ROSSDAL

9VØ4008 Dde-I

00000

Fvikesmennenes miljøvernnavdelinger

Ark. 472.2	Saksbeh. Hand
------------	---------------

## NATURFORVALTNINGENS ANDEL AV ARBEID FOR TRYGD-PAKKEN I 1991

viser til tidligere kontakt om svsselssettingsmidler og vedlagte brev fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD) og Miljøverndepartementet.

På bakgrunn av behov for månedsverk som Direktoratet for naturforvaltning har meldt inn på områdene naturvern og friluftsliv, har (AAD) stilt til rådighet inntil 1394 månedsverk eller ca 19 mill. kr. for 1991.

Rammebeløpet som er nevnt er omerket tiltak i naturvernområder og til friluftslivsformål.

Tiden DN hadde til rådighet for å melde inn behov var svært knapp. Månedsverksbehov for friluftslivstiltak ble satt opp på bakgrunn av telefonkontakt med den enkelte miljøvernnavdeling tidlig i februar. 13 fviker ga der tilbakemelding. Prosjekter (og månedsverk) for tiltak i naturvernområder måtte for enkelte fviker plukkes ut med basis i foreliggende dokumenter.

Som det framgår av de vedlagte brev stiller AAD et rammebeløp til rådighet for de berørte fvikesarbeidskontor. Ved beregning av rammene er det lagt til grunn at midlene skal dekke lønns-kostnadene på kr 8 500,- pr månedsverk pluss sosiale kostnader. I tillegg kan det ytes et driftstilskudd til prosjektene som er beregnet til kr 2 850,- pr månedsverk. Det understrekes at dersom en gjennom disse tilskuddene kan dekke alle aktuelle kostnader, er det ikke nødvendig å bidra med lønns-kostnader/andre kostnader over egne budsjett. Vi antar likevel at det i endel prosjekter vil være aktuelt å supplere med midler fra rammebevillingene bl.a. til materialkostnader.

Det er en forutsetning at de svsselsatte har en statlig arbeidsgiver, dvs at fylkesmannen må stå som arbeidsgiver.

Det er DNS målsetting at det beløp som er stilt til rådighet av AAD benyttes fullt ut i alle fviker, både for å hjelpe på svsselssettingssituasjonen og for å ta gjennomført flere prosjekter i natur- og friluftslivsområder enn om man ikke hadde disse ressursene til rådighet. Dette betyr at fvikesmennene raskt bør ta kontakt med arbeidskontorene for å få etablert samarbeidet.

POSTADRESSE:  
Tungasletta 2  
7004 Trondheim

TELEFON:  
07-58 05 00  
TELEFAX:  
07-9154 33

DIRECTORATE FOR NATURE MANAGEMENT  
Tungasletta 2  
N-7004 Trondheim  
Norway

TELEPHONE:  
+47 7 58 05 00



Det er opplagt at ordningen vil medføre noe ekstra arbeidsbelastning hos ivikemennene. Vi håper imidlertid man kommer fram til smidige samarbeidsformer med arbeidskontorene og videre at man samarbeider med kommuner/lokal forvaltning slik at disse i det vesentligste kan ta det daglige og praktiske arbeidslederansvaret overfor de sysselsatte.

Ivikene må selvsagt se rammebevilgningene fra DN og disse sysselsettingsmidlene i sammenheng, og det vil antakelig være behov for omprioriteringer innenfor egne budsjetttrammer for å bidra med de egne midler som er nødvendige for å kunne dra full nytte av midlene fra AAD.

Tabellen nedenfor viser hvilken fordeling av mannsverk på friluftslivstiltak og tiltak i naturvernområder som ligger til grunn for det beløpet som AAD har stilt til rådighet.

FYLKE	FRILUFTSLIV	NATURVERN	SAMLET
Ostfold	6	20	26
Oslo/Akershus	35	25	60
Hedmark	8	5	13
Oppland	50	20	70
Buskerud	24	25	49
Vestfold	27	15	42
Telemark	18	20	38
Aust-Agder	15	25	40
Vest-Agder	72	20	92
Rogaland	-	300	300
Hordaland	-	20	20
Sogn og Fjordane	39	120	159
Møre og Romsdal	150	80	230
Sør-Trøndelag	100	25	125
Nord-Trøndelag	-	20	20
Nordland	65	15	80
Troms	-	15	15
Finnmark	-	15	15
TOTALT	609	785	1394

Det er interessant å ta evaluert hvordan arbeid for trykkt ordningen vil runderne på dette arbeidsområdet. DN har derfor lagt ved et enkelt rapporterings skjema, som ivikemennene skal



SAKSBEHANDLER

Deres ref.

Vår ref.

Dato.

returnere DN innen 1. oktober 1991. Dette er samme list som annen budstetterapportering til DN på disse fagfeltene.

Vi ønsker lykke til med arbeidet!

med hilsen

Berit Lein e.f.  
Underdirektør  
Landøkologisk avdeling

Jon Sull e.f.  
Underdirektør  
Frittidslivsavdelingen

Vedlegg: Brev fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet  
datert 15.03.1991

Rapporterings skjema

Gjenpart: Miljøverndepartementet

TABELL 3: Oversyn over midlar nytta i AFT-prosjekt "Sysselsetting - miljø" i Møre og Romsdal i 1991.

PROSJ. NR.	TILS. MNDV.	NYTTA MNDV.	DISP. LØNN	DISP. DRIFT	AFT. TOTALT	ANDRE TILSKOT	TOTALT PROSJEKT
1	20	17,90	195.610,55	54.013,90	249.624,45	26.000	275.624,45
2	50	46,00	498.717,02	173.371,00	672.088,02		672.088,02
3	6	6,00	65.587,75	22.200,00	87.787,75	100.000	187.787,75
4	22	21,97	239.782,79	78.400,00	318.182,79	191.000	509.182,79
5	8	7,80	81.455,62	27.234,60	108.690,22	60.000	168.690,22
6	30	28,40	307.521,26	181.002,97	488.524,23	559.000	1.047.524,23
7	10	9,53	103.752,95	35.804,00	139.556,95		139.556,95
8	40	40,17	415.199,41	140.000,00	555.199,41		555.199,41
9	15	14,93	164.045,74	50.290,88	214.336,62		214.336,62
10	15	15,23	165.520,73	63.024,17	228.544,90	40.000	268.544,90
11	9	8,97	96.924,11	31.240,00	128.164,11		128.164,11
12	5	5,00	54.656,44	18.650,00	73.306,44	100.000	173.306,44
				28.096,20			
TOT.:	230,00	221,90	2.388.774,37	903.327,72	3.264.005,89	1.076.000	4.340.005,89

\*) Tilskot frå DN kr 80.000, FM-MVA kr 20.000

\*\*) Tilskot frå FM-MVA kr 46.000, Romsdalsmuseet kr 363.000, Molde kommune MD-sysselsettingsmidlar kr 150.000

\*\*\*) Tilskot frå DN kr 100.000





# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

VEDLEGG 4

Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58000 Telefax: (072) 58510

Kommuner i Møre og Romsdal

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

91/04008/472.2/HØ/MV

30.04.1991

## ARBEID FOR TRYGD - INNMELDING AV NYE PROSJEKT

Vi viser til brev frå Fylkesmannen dagsett 11.04.91 der vi ber om rapportering av kommunale miljøprosjekt som har hatt sysselsettingseffekt i 1990. Brevet var meint som ei etterlysing av rapportering frå avslutta prosjekt.

Dette brevet gjeld statlege prosjekt der Fylkesmannen vert ståande som arbeidsgivar. Det vert då ingen eigenandel for kommunene. Denne vert dekkja av staten. I det vi viser til brev frå Miljøvern-departementet dagsett 02.04.91, ber vi om at kommuner som vil starte opp prosjekt innafor denne ordninga melder frå skriftleg til Fylkesmannen innan 15.06.91.

Kopi av liste over statlege prosjekt som har fått tilsagn i første runde er lagt ved. Dette er døme på ulike tiltak innafor ordninga.

Eventuelle spørsmål kan rettast til prosjektleiar Magnhild Vatn, tlf. 072-58000.

Med helsing

Odd Høgset (e.f.)  
fylkesmiljøvernsjef

Harald Ørsahl

1 vedlegg

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune v/planavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune v/fylkeskonservator

Saksbehandlar: Magnhild Vatn (prosjektleiar)



## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58000    Telefax: (072) 58510

Fylkesarbeidskontoret i Møre og Romsdal

Her

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

91/04008/472.2/HØ/MV

21.06.1991

**ARBEID FOR TRYGD - FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL,  
MILJØVERNAVD. - NYE MILJØPROSJEKT.  
SØKNAD OM TILSAGN FOR 2. HALVÅR 1991.**

Viser til samtalar med Dykkar Eva K. Ødegaard og brev dagsett 25.04.91 og 30.04.91 sendt til kommunane frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal angående nye AFT-prosjekt.

Vi har pr dato fått innmeldt prosjekt frå 16 kommuner/org. Dette utgjer omlag 250 månadsverk. Viser til vedlagte liste over prosjekt og behov for månadsverk og driftstilskot. For fornminnepleieprosjekt vil Fylkeskonservatoren stå som fagleg rettleiar.

Alle innkomne prosjekt er aktuelle og viktige miljøoppgåver som kan gjennomførast ved ekstraordinære tiltaksordningar som AFT.

Vi søker med dette om tilsagn for gjennomføring av desse prosjekta innan AFT-ordning der Fylkesmannen står som arbeidsgivar. Vi vonar på positiv og rask handsaming av søknaden, slik at vi kan få starta opp prosjekta så snart som mogleg.

Med helsing

Odd Høgset (e.f.)  
fylkesmiljøvern sjef

Harald Ørsahl

1 vedlegg

Kopi: Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal

Saksbehandlar: Magnhild Vatn (prosjektleder)

ARBEID FOR TRYGD - FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, MILJØVERNAVD.  
 NYE/INNMELDTE PROSJEKT TIL 2.HALVÅR 1991

På prosjekt der behov for månadsverk og drift ikkje er skissert i innmeldinga, er det sett "?". På prosjekt der behovet for driftstilskot er kr. 4 350 eller høgare, er det sett "(maks)" bak summen.

Komm./Org.:	Prosjekt:	Mnd.verk:	Drift:
Aure	1. Opparb. av friomr. Aure sentr. og krk.	20	90 000 (maks)
	2. Løypetrasse Aure sentr.-Auredalen	10	45 000 (maks)
Eide	1. Fornminnepleie Vevang, Gaustad, Visnes	10	35 000
	2. Div. tilrettelegging ved gml. seteranl. Vassgård	6	21 000
	3. Sjøpplukking langs Atl.havsv. & Vevangl.	4	14 000
	4. Kulturminnereg. (sluttf.)	2	7 000
Friluftsr. f Ålesund og oml.	Oppf. av oppstarta arb. 1. halvår.	?	?
Fræna	1. Temakart	?	?
	2. Kulturlandsk.prosj.	?	?
	3. Viltneemd	?	?
	4. Oppryddingsaksj.	?	?
Gml. Kvernes Museum (Averøy)	1. Strandhagenstua	6	24 000
	2. Utstilling fiskerhus	3	13 750
	3. Biotoalett	2	8 700
Hindholmens venner (Volda)	Rest.arb. på båten Hindholmen	?	maks
Kristiansund	Hagelin fyllplass Opprensk. skogomr. Innlandet m.m.	40	?
Midsund	Fornminnepleie på Røstad gravfelt m.m.	2	?
Neset	1. Fornminnepleie på Syltebø gravfelt	2	?
	2. Tilrettel. arb. helleristingsfelt Boggestranda	2-3	?
Rindal	1. Kultiv. fiskev. Romunsdstadbygd	18	78 300 (maks)
	2. Innsaml. landbr.plast. spillolje, batteri	2	8 000
	3. Skilting/merking av utfartstrassear	2	8 700 (maks)

	4. Skilting/merking av turistlinje Hølstoen - Trollheimshytta	2	8 000
	5. Tilrettel. for fril.liv Ingeltjønna/Grønnlivatnet og Rørvatnet	4	17 400 (maks)
Sandøy	1. Turveg - torvveg	5	28 000 (maks)
	2. Ryddeaksj.	5	18 000
	3. Frå bosspl. til friomr.	4	85 000 (maks)
Smøla	1. Vedlikeh./rest. "Sanden"/ Veidholmen	12	maks
	2. Registr. av museumsgjenst. "Sanden"/Veidholmen		
	3. Vedlikeh./rest. Rosvoll prestegard		
	4. Vedlikeh./rest. Rangnes gml. skole		
Surnadal	1. Fullføring av SEFRAK	1	3 000
	2. Infokart - turstiar (oppfølging)	2	6 000
	3. Oppsyn med ulovl. storviltjakt.	4	16 000
	4. Opprydding av kultursti Hjellnes	1	3 500
	5. Vedlikeh. av gang- og sykkelvegnett (samarb. m. tekn. etat)	1	4 000
Sula	1. Veibust - landkapspleie rydding i strandsone	5	26 875 (maks)
	2. Langevåg Bolvika tynning av skog og rest. av gml. hus Molvær park og Geilneset div. tiltak	8	43 000 (maks)
	3. Kjellingsset vedlikeh. turveg/skogsveg	3	32 793 (maks)
	4. Veddemarka - tursti Langevåg - Mauseidvåg	6	32 250 (maks)
Vestnes	1. Kulturminner i komm.	12	34 000
	2. Opparb. Kråkvika friluftsomr.	16	60 000
Volda	Turveg - Elvadalen byggesteg 2	9	31 500

16 kommuner/organisasjonar har her meldt inn eit behov for omlag 250 månadsverk.



## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58000    Telefax: (072) 58510

Direktoratet for naturforvaltning  
Tungasletta 2

7004 TRONDHEIM

Dykkar ref.:  
3737/90-221

Vår ref.:  
91/04008/472.2/HØ/MV

Dato:  
24.09.1991

**FYLKESMENNENES BRUK AV "ARBEID FOR TRYGD-PAKKE" TIL  
TILTAK I NATURVERN- OG FRILUFTSLIVSOMRÅDE 1991.**

Viser til brev frå Direktoratet for naturforvaltning datert 04.04.91 og sender med dette inn rapporteringsskjema for prosjektet.

I samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren har Miljøvernavdelinga engasjert ein eigen prosjektkoordinator. Denne har oppretta kontakt med Fylkesarbeidskontoret, distriktsarbeidskontora og arbeidsleiarar ute i kommunene, ført tilsyn med framgangen i prosjekta og utført ein del personaladministrative oppgåver.

Det vil bli laga ein prosjektrapport. Ordninga og kvart einskilt del-prosjekt vil bli nøye evaluert. Dette for at ein kan vere grundigare førebudd til liknande "pakkar" seinare, og også for å gi ein god arbeidsreiskap m.a. for arbeidet med Handlingsprogram for friluftsliv i Møre og Romsdal. Rapporten vil bli forvidla når heile prosjektet er avslutta.

Med helsing

Odd Høgset (e.f.)  
fylkesmiljøvernssjef

Harald Ørsahl

1 vedlegg

Kopi: Fylkesarbeidskontoret i Møre og Romsdal

Saksbehandlar: prosjektkoordinator Magnhild Vatn

# RAPPORTERINGSSKJEMA

FYLKESMENNENES BRUK AV "ARBEID FOR TRYGD-PAKKE" TIL TILTAK I NATURVERN- OG FRILUFTSLIVSOMRÅDER 1991.

Sendes Direktoratet for naturforvaltning innen 1. oktober 1991.

Kommune	Ant. mnd.verk	Ant. sysselsatt	Merknader/problemer
Atlanterhavsvn. (Averøy/Frøna)	10	2	Eldøya rasteplass - miljøtiltak
Giske	6	2	Roaldhamna
Halsa	15	4	Knarrbukta
Herøy	20	7	Rundefj., Herøy gard
Kristiansund	40	9	Hagelin bosspl. m.m.
Molde (Fylkesm. miljøvernavd.)	30	7	Veøy landsk.vern.omr.
Rauma	28	3	Kolmanneset
Sunnadal	5	2	Tilsyn sau/jerv
Surnadal	15	7	Nordmarka m.m.
Surnadal	9	2	Tilsyn sau/jerv
Ålesund og oml. friluftsråd	22	6	Mauren, Svinøya, Storholmen
Ålesund	50	13	Volsdalsberga m.m.
	230	64	

Evt. utfyllende kommentarer:

Pr. 23.09.91 er/har vore 64 personar innom ordninga. Samarbeid med personar i kommunene har fungert godt. Desse har i fleste tilfelle fungert som daglege arb.leiarar. Problem i bykommuner: mykje ustabil arb.kraft. Prosjektkoordinator er engasjert. Fyldig rapport følgjer seinare når prosjekta er fullførte.

Dato: 23.09.91

Underskrift: \_\_\_\_\_

prosj.koordinator Maghild Vatn

Fylkesmannen i M&R

## TABELL- OG FIGUROVERSYN

## TABELLOVERSYN

Side

Tabell 1. Fordeling av 230 mndv. for tiltak innan naturvern- og friluftslivprosjekt i Møre og Romsdal. Arbeid for trygd 1991 .....	3
Tabell 2. Fordeling av driftsmidler i høve til månadsverk. Arbeid for trygd - miljøtiltak 1991 .....	5
Tabell 3. Oversyn over midlar nytta i AFT-prosjekt "Sysselsetting - miljø" i Møre og Romsdal 1991. Vedlegg 3.	

## FIGUROVERSYN

Side

Figur 1. Kartet syner korleis prosjekta geografisk fordeler seg i fylket .....	8
Figur 2. Kilegrind oppsett på nordsida av øya, Goksøy .....	10
Figur 3. Klopping av våte parti, Herøy gard .....	10
Figur 4. Bortrydding av oppsamla skrot, Volsdalsberga .	12
Figur 5. Borgernes veg, nordsida av Aksla.....	12
Figur 6. Sambrukshuset sett frå sjøsida (aust), Roald .	14
Figur 7. Behov for opprydding rundt bygningen, Roald ..	14
Figur 8. Gullmyra på Svinøya - Ålesund kommune .....	16
Figur 9. Stiar er oppbygd med stein, Mauren - Skodje kommune .....	17
Figur 10. Opparbeidd sti til Litle Kråkvika - Vestnes kommune .....	17
Figur 11. Lauvskogen er no meir lysopen, Kolmanneset ...	19
Figur 12. Den nordlege gravrøysa, Kolmanneset .....	19
Figur 13. Rådyrmarka, Veøy .....	21
Figur 14. Driftsbygning før restaurering/nybygg, Veøy ..	22
Figur 15. Driftsbygning etter restaurering /nybygg, Veøy .....	22

Figur 16. Miljøtiltak ved rasteplass på Eldhusøya .....	24
Figur 17. Strømsholmen - heilskapleg bygningsmiljø .....	24
Figur 18. Hagelin fyllplass, Kristiansund .....	26
Figur 19. Rydding av kvist i tettvaksen buskfuruskog, Kristiansund .....	26
Figur 20. Opparbeidd sti i Knarrbukta friluftsområde, Halsa .....	28
Figur 21. "Stupetårn", Knarrbukta friluftsområde, Halsa .....	28
Figur 22. Oppslagstavle laga etter DN-standard, Øvstbøen - Surnadal .....	30
Figur 23. Delområde Ranesevju, verneskiltet er skjult av Vegvesenet sine reiskapar, Surnadal .....	31
Figur 24. Delområde Grimsmo, Surnadal .....	31
Figur 25. Frå tilsynsområdet i Folldalen mot Storlifjellet. (Foto: Lars Olav Lund) .....	33
Figur 26. Sporobservasjon innst i Fossådalen - Trollheimen (Foto: Ola Erik Bolme 1991) .....	33